

**FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR EDELLAUVSKOG I SOGN OG FJORDANE.
FREDING AV LINDVIK NATURRESERVAT I EID KOMMUNE, SOGN OG
FJORDANE FYLKE**

Fastsett ved kongeleg resolusjon av 19. juni 2009 i medhald av lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr./bnr.: 58/1, 58/2, 58/3, 59/1 i Eid kommune.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 0,435 km².

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1: 5.000 datert Miljøverndepartementet mars 2009. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Fredingsforskrifta med kart er tilgjengelege i Eid kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Føremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit tilnærma urørt skogområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi knytt til varmekjær lindeskog, hasselkratt og andre interessante vegetasjonstypar og levestader for raudlisteartar.

§ 3 Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, unødige uroing og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablær eller kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til telteirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for :

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsærend, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Reglane i §3 nr. 1-3 er ikkje til hinder for:

2. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
3. Jakt og fangst etter viltloven.
4. Beiting.
5. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
6. a) Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg.

- b) Naudsynt istandsetjing ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltingsstyresmakta.
- c) Oppgradering/fornyng av kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 3, 5, 6 a og c, § 5 nr. 2, 3, 5, 6 og 7.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar .
3. Hogst og utdrift i samsvar med vedteken forvaltingsplan.
4. Avgrensa bruk av naturreservatet som nemnt i § 3 nr. 5.
5. Oppsetjing av gjerde i samband med beiting.
6. Oppgradering /fornyng av kraftliner som ikkje fell inn under § 4, nr. 6 c.
7. Vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
8. Vegsikringstiltak langs fylkesvegen.
9. Naudsynt øvingskøyning for formål nemnde i § 4 nr. 1.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i særlege tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

§7 Forvaltingsplan

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det skal utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltingsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 Ikraftsetjing

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.